



Byggjinga av Dønhaug gardsbarnehage går raskt framover. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Helene Huse Bjørnebøle har søkt om bygdeutviklingsmidlar til Dønhaug gardsbarnehage, som skal opna ein gong i oktober.

Ho søker om rentelån med rentestøtte på 1.566.100 kroner i Innovasjon Norge og om BU-tilskot i Innovasjon Norge/FMLA på 142.500 kroner (fem prosent).

Det vert opplyst i søknaden at kostnadsoverslaget lyder på 2.850.000 kroner. I tillegg til dei to BU-postane skal 724.000 dekkjast med statstilskot (20 prosent) og 417.400 av eigeninnsats.

Barnehagen vil sysselsetja fem personar eller 4,4 årsverk. I driftsbudsjettet for etableringsåret er det ført opp eit driftsoverskot på 128.308 kroner.